

Lærer: Ruth Helgestad

Læreverk: Multi

Læreverket Multi for 4. klasse består av tre bøker, to grunnbøker og ei oppgåvebok. Grunnbøkene 4A og 4B inneheld presentasjon av nytt stoff og oppgåver av ulik vanskegrad. Etter kvart kap. er det ei prøve for å sjå om elevane har tileigna seg det nye stoffet. I oppgåveboka er det stort sett same oppgåvetypar som i grunnboka. Vi kjem stort sett å jobbe med grunnboka på skulen og oppgåveboka som leksebok. I både GB og OB vert oppgåvene vanskelegare utover i kapittelet. Det er ikkje meiningen at elevane skal gjere alle oppgåvene i oppgåveboka, men me kan plukke ut det dei treng å jobbe litt meir med. I tillegg til bøkene vert det praktiske oppgåver, oppgåver på data, spel og matteleikar. På grunn av overgang til Multi er det nokre kap. elevane må ta frå 3. klasse pensum, det er deling og brøk. Her brukar me kopieringsark og data.

Organisering:

Fjerde klasse har fem matte timar for veka. To av desse er åleine med lærar og i desse timane vert nytt stoff gjennomgått. Dei andre tre timane er klassen saman med 2. og 3. klasse.

Vurdering:

Jostedal skule har vore med i den nasjonale satsinga "Vurdering for læring" som vart sett i gang i 2009. Vurdering FOR læring legg vekt på kva ein skal LÆRE, og ikkje berre kva ein skal GJERE, noko som er ganske krevjande i seg sjølv. Metodar som gjer trening i å vere medveten om eigen læringsprosess og å ta ansvar for denne sjølv, står sentralt. Teknikkar me nyttar er t.d. kameratvurdering, eigenvurdering, modellering (av lærar eller ved å sjå andre elevarbeid), trafikklys, utviklingssamtalar, utvikling av felles kriterium før eit arbeid m.m.

Skriftlege vurderingar som vert sendt heim eller på anna måte vert synleg for dei heime:

- Kartleggingsprøver
- Prøver etter kvart kapittel.
- IUP i Fronter (i forkant av elev-/foreldresamtalane haust og vår)

Berre ta kontakt ved spørsmål!

Ruth Helgestad, matematikkfagleg ansvarleg for 4.klasse (mob: 91363649)

ÅRSPLAN MATEMATIKK 4.TRINN

TEMA & LÆRINGSMÅL	MULTI Grunnbok 4A og 4B MULTI Oppgåvebok 4	PROSJEKT/ VURDERING
A U G S E P Kap 1. Koordinatsystemet Elevene lærer om rutenett og koordinatsystem og forskjellen på desse. I eit rutenett er det heile ruter medan i eit koordinatsystem vert det brukt punkt. Elevane skal kunne både å plassere i og lese av rutenett og koordinatsystem. Deling. Her skal elevane lære om divisjon i praktiske samanhengar. Dei lærer og samanhengen mellom multiplikasjon og divisjon. Dei skal lære å skrive delestykke. Elevane skal lære korleis ein reknar delingsoppgåver når ein får ein rest. Kap 2 Meir enn 1000 og mindre enn 0 Her skal talområdet som elevane arbeider med bli utvida til tal over 1000. Dei skal utvikle talforståing og innsikt i plassverdisystemet. Elevane skal kunne dele tala i einarar, tiarar, hundrarar og tusnarar.	Grunnbok 4A side 2 - 17 Oppgåvebok side 2 - 6 Kopieringsark frå Multi 3A Grunnbok 4A side 18- 33 Oppgåvebok side 7- 19	
O K T v 41 Elevane skal lære å rekne med negative tal, her vert det brukt oppgåver på tallinja, med temperatur og meter.	Grunnbok 4A side 34 - 43 Oppgåvebok side 7 - 19	
HAUSTFERIE		
O K T Kap. 3 Leggje saman og trekkje frå Elevane skal kunne løyse oppgåver med addisjon og subtraksjon med fleirsifra tal. Dei skal rekne i ulike praktiske situasjonar t.d. kjøp og sal. Elevane skal kunne rekne på tallinja, i hovudet og med skriftlege oppstilte oppgåver. Her skal dei arbeide med likt og ulikt og dei skal bruke omgrepa større enn og mindre enn ($>$ og $<$). Dei arbeider med tekstoppgåver.	Grunnbok 4A side 44 - 67 Oppgåvebok side 20- 31	
N O V Kap. 4 Tid, klokka Her skal elevane lære å måle tid i minutt og sekund. Dei skal kunne oppgje klokkeslett både analogt og digitalt og dei skal kunne rekne med klokkeslett knytt til timar og minutt.	Grunnbok 4A side 68 - 87 Oppgåvebok side 32- 38	
Brøk. Elevane skal jobbe med brøk i praktisk samanheng. Dei skal vite at brøk er del av ein heilhet. Elevane lærer å skrive brøk og om brøk som er likeverdige.	Kopieringsark frå Multi 3A	Tom telys. Me samlar inn tomme T-lyshaldarar og øver på å telje dei. Kanskje får me fleire hundre - korleis er det lurt å telje når me får så store tal?
D E S Kap. 5 Gonging og deling 1 Elevane skal lære multiplikasjon og divisjon, særleg brukt i praktiske oppgåver. Elevane øver meir på gongetabellane, særleg 6-, 7-, 8-, 9- gongen og på repetisjon av dei andre.	Grunnbok 4A side 88 - 113 Oppgåvebok side 39- 50	
JULEFERIE		

ÅRSPLAN MATEMATIKK 4.TRINN

TEMA & LÆRINGSMÅL

MULTI Grunnbok 4A og 4B

PROSJEKT/

MULTI Oppgåvebok 4

VURDERING

J A N U A R	<p>Kap 6 Symmetri og mønster</p> <p>Her skal elevane lære om spegelsymmetri, rotasjonssymmetri og parallellforskyving. Elevane skal kjenne att spegelsymmetri, finne symmerilinjer også i figurar der det er fleire. Elevane skal sjølv lage og utforske symmetriske mønster. Dei skal lære om vinklar knytt til rotasjon, med vekt på vinklar som er 90-, 180-, 270-, og 360 grader</p> <p>Kap. 7 Omkrets og areal</p> <p>Elevane skal lære å måle lengd, med særleg vekt på omkretsen. Elevane skal bruke ulike måleeiningar og linjal. Dei skal og lære å måle areal, ved å dekke dei med måleeiningar. Elevane skal bruke addisjon og multiplikasjon for å gjere teljinga av måleeinigane lettare.</p>	Grunnbok 4A side 114- 128 Oppgåvebok side 51- 52
F E B	<p>Kap 8 Gonging og deling 2</p> <p>Elevane skal repetere gongetabellane slik at dei no bør vere sikre på dei. Elevane lærer å bruke multiplikasjon og divisjon i praktiske situasjonar. Dei skal her lære å dele opp multiplikasjonsoppgåvene i enklare deler, som t.d. at 8×4 er det same som $5 \times 4 + 3 \times 4$.</p>	Grunnbok 4B side 24 - 47 Oppgåvebok side 63 - 75

v 8 VINTERFERIE

F E B	<p>Elevane skal vite at multiplikasjon er kommutativ, dvs at faktorane sin rekkjefølge ikkje har noko å seie for svaret. 3×6 er det same som 6×3.</p> <p>Elevane skal kunne sjå samanhengen mellom multiplikasjon og divisjon</p>	Grunnbok 4B side 24 - 47 Oppgåvebok side 63 - 75
M A R	<p>Avslutte kap. 8 Gonging og deling</p> <p>Kap. 9 Målingar og desimaltal</p> <p>Elevane skal lære om måling av lengde, vekt og volum. Dei skal kunne å gjennomføre målingar i praktiske situasjonar og og bruke hensiktsmessige måleredskap.</p> <p>Elevane lærer om ulike måleeiningar og om å gjere om mellom ulike einingar. Dei skall kunne bruke desiliter og liter, millimeter, centimeter, desimeter og meter, gram og kilogram. Elevane skal også lære om desimaltal og bruke desse på tallinja, i målingar og som eit abstrakt matematisk omgrep</p>	Grunnbok 4B side 24 - 47 Oppgåvebok side 63 - 75 Grunnbok 4B side 48 - 69 Oppgåvebok side 76 - 86
A P R	<p>Kap. 10 Brøk</p> <p>Elevane skal lære om brøk som ein del av ein figur, ei lengd eller ei mengd. Dei skal kunne omgrepa teljar og nemnar. Elevane skal kunne finne heilheiten nå ein veit brøken og finne ein brøk når ein veit heilheiten.</p>	Grunnbok 4B side 70 - 91 Oppgåvebok side 87- 97

v16 PÅSKEFERIE

ÅRSPLAN MATEMATIKK 4.TRINN

TEMA & LÆRINGSMÅL

MULTI Grunnbok 4A og 4B

PROSJEKT/

MULTI Oppgåvebok 4

VURDERING

Avslutte kap. 10 Brøk

Grunnbok 4B side 70 - 91

Oppgåvebok side 87- 97

M **Kap. 11 Rekning**

Grunnbok 4B side 92 - 115

A Her skal elevane repetere oppgåver med dei fire rekneartane. Elevane skal løyse oppgåver med addisjon og
I subtraksjon av fleirsifra tal, både skriftleg og som hovudrekning. No skal dei kunne plassverisystemet. Dei
arbeider med overslag og avrunding. Dei brukar rekning til å svare på oppgåver frå praktiske situasjonar.
Elevane skal kunne gjere oppgåver med geometri og talmønster.
Dei skal gjere oppgåver med multiplikasjon og divisjon.

Oppgåvebok side 98- 109

J **Kap. 12 Statistikk**

Grunnbok 4B side 116- 128

U Elevane skal kunne gjennomføre statistiske undersøkingar både basert på måledata og spørjeundersøkingar.
N Dei skal lære å katalogisere, telje opp og illustrere dataene i tabellar og søylediagram. Elevane skal kunne lese
I søylediagram og bruke tabellar.

Oppgåvebok side 110- 112

Repetisjon

SOMMARFERIE